

Til

Olje- og energidepartementet ved politisk leiing
Stortingsrepresentantar frå Sogn og Fjordane

Høge straumprisar er ei system- og styringsutfordring .

Elektrisk straum har vore eit fellesgode, og ein del av den norske infrastrukturen. Det er den berande energiform for hushaldningane og for all næringsverksemd. Produksjonen er stor nok til å dekke det Norske forbruket, med ei rett forvaltning. Elektrisk energi må nyttast i same sekund som den vert produsert, og er derfor mest velegna til faste installasjonar, samt komprimert i batteri. Straumomsetninga har utvikla seg til internhandel mellom ulike aktørar, der konsekvensen er blitt til høge straumprisar i dei områda som har tilgang til utanlandskablar.

Høge straumprisar fordyrar vare- og tenesteproduksjon, som driv alle prisane oppover. Dette må betalast av brukarane, i tillegg til høgare kostnader med straum i hushaldet.

På kort sikt er det naudsynt med kompenserande tiltak for å bøte på problema med dei høge straumprisane.

Det må takast radikale politiske grep for å bringe straumforvaltninga tilbake som ei samfunnsteneste med anstendige prisar.

Noverande situasjon er ikkje det norske samfunnet verdig, og det er ikkje tenleg for dei åra vi har framfor oss der vi skal omstille industrien og samfunnet til å vere meir berekraftig. Då treng vi ein straumtilførsel, styrt av folk for folk sitt behov.

Dette bør vere ei overkomeleg oppgåve, ettersom storparten av straumproduksjonen vår kjem frå heileigde offentlege aksjeselskap.

Fråsegn frå årsmøte i Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane 4.-5.april 2022.